

UNGDOMSRÅDET

MØTEPROTOKOLL

Møtedato:	14.04.2026
Møtestad:	Rådhuset Straume - møterom 107
Møtetid:	Kl. 16:00 - 18:30

Medlemer som møtte	Parti
Alva Betine Kilvik	Ungdomsrådet
Amalie Stusdal	Ungdomsrådet
Dorthea Revne Klepsvik	Ungdomsrådet
Guro Vik	Ungdomsrådet
Ksawier Kristoffer Brozek	Ungdomsrådet
Oliver Jåstad	Ungdomsrådet
Rebekka Kvaal	Ungdomsrådet
Samuel Vik	Ungdomsrådet
Sofie Karolina Heen Mundal	Ungdomsrådet
Trym Elias Lie	Ungdomsrådet
Vegard Endal	Ungdomsrådet

Fra administrasjonen møtte:

Hanna Gjesdal, Hilde Kristin Egeland, Selda Notland, Elin Helland-Jooste

Møteleiar	Grethe Bergsvik
Møtesekretær	Alva Betine Kilvik

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev difor ingen signatur.

Sakliste:

Sak nr.	Sakstittel	
013/26	Godkjenning av innkalling, sakliste og møteprotokoll	
014/26	Referatsaker og orienteringar	
015/26	Orientering og innspel til Strategiplan for klima og energi	
016/26	Fordeling av ungdomsmidlar 2026	
017/26	Tilstandsrapport barnevernstenesta 2025	
018/26	Forslag til ny forskrift for skulefritidsordninga for Øygarden kommunale skular	
019/26	Handlingsplan (UR) - vidare arbeid i møtet 14.04.26	
021/26	Folkehelse- og oppvekstprofilar 2026	
020/26	Spørsmål	

013/26: Godkjenning av innkalling, saksliste og møteprotokoll

Forslag frå kommunedirektøren

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent slik den ligg føre. Det er ingen merknadar til innkalling og saksliste.

Ungdomsrådet 14.04.2026

Behandling i møtet

Votering

Forslag frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Ungdomsrådet 14.04.2026 - saksnr. 013/26

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent slik den ligg føre. Det er ingen merknadar til innkalling og saksliste.

014/26: Referatsaker og orienteringar

Forslag til vedtak

Eventuelle referatsaker og orienteringar vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Ungdomsrådet 14.04.2026

Behandling i møtet

REFERATSAKER

RS 005/26 - Møteplass av og for ungdom. Prosjektgruppa for dette prosjektet ønskjer at heile UR deltek på medverknadsdagen 21.04.26 og at dette kvalifiserer til møtegodtgjersle. Det vart delt ut plakatar som UR-medlemane heng opp på skulane sine.

RS 007/26 - Orientering om internasjonalt ungdomsprosjekt. Dei av medlemane i UR som ønskjer å delta på dette prosjektet må melda i frå til møtesekretær.

Det var ingen merknader til dei andre referatsakene.

ORIENTERINGAR

Orienteringar i møtet

- Strategiplan for klima og energi - orientering med dialog og innspel v/Hanna Gjesdal
 - Innhalde i orienteringa er referert i saka som er til behandling i dette møtet.
- Internasjonalt ungdomsprosjekt - spørsmål om deltaking v/Hilde Kristin Egeland og Selda Notland
 - Selda fortalde om opplegget ho hadde delteke på i Litauen gjennom Erasmus-nettverket. Prosjektet gir opplæring i ungt entreprenørskap og samlar ungdom for fleire europeiske land. Det er ikkje ei formell utdanning, men gir anna viktig kunnskap og erfaring som å byggje nettverk og lære å jobbe på tvers av landegrensar.
 - Innkvatering er på ein internatskule
 - Kvar kommune kan sende inntil 6 deltakarar hovudsakleg i alderen 15 - 17 år, men også eldre kan delta.

Votering

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Ungdomsrådet 14.04.2026 - saksnr. 014/26

Eventuelle referatsaker og orienteringar vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

015/26: Orientering og innspel til Strategiplan for klima og energi

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan innstilling.

Ungdomsrådet 14.04.2026

Fellesforslag Alva Betine Kilvik, UR

Ungdomsrådet tek Strategiplan for klima og energi 2026-2040 til orientering med innspel slik det går fram av behandlinga.

Behandling i møtet

Før saka vart teken opp til votering fekk ungsomsrådet følgjande orientering:

Strategiplan for klima og energi - orientering med dialog og innspel v/Hanna Gjesdal

Arbeidet med strategiplanen starta opp våren 2025, og det første som vart laga var nettsida for planarbeidet [Strategiplan for klima og energi 2026 - 2030 - Øygarden kommune](#)

- vidare er det innhenta kunnskapsgrunnlag og laga kartforteljingar
- neste skritt er å drøfta innsatsområder, mål og strategier og få innspel slik som frå ungdomsrådet
- planen kjem ut på høyring i september og skal endeleg vedtakast i desember.
- under presentasjonen vart det vist kva sektor i Øygardssamfunnet som har størst utslepp og kva sektor som har redusert utsleppa sine. For fleire detaljar vert det vist til nettsida over.
- Innspel/spørsmål frå ungdomsrådet til planen:
 - vil til dømes sal av rådhuset, flytting av tilsette og politikarar og dermed køyring til og frå påverke klimarekneskapen til kommunen - og kva kan i så fall gjerast. Svar frå adm er at kommunen skal ned på tal bygg og anlegg dei eig og meiner det vil samla sett påverke klimarekneskapen positivt.
 - Kvifor er det ikkje montert meir solcellepaneler på kommunale bygg: Svar frå adm er at dette vert vurdert, men til no har målingar vist at det ikkje fører til økonomiske gevinster. Det er heller ikkje gode nok løysingar for lagring og deling av den produserte straumen.
 - Ungdomsrådet vert oppfordrar til å sjå på kartforteljingane under Kunnskapsgrunnlaget. Det er tre kartforteljingar:
 - Klimagassutslepp i Øygarden
 - Klimaendringar og klimatilpassing
 - Energibehov og energiomstilling
- Notatet og kartforteljingane er levande dokument og vil bli oppdatert etter kvart som ny kunnskap og statistikk vert gjort tilgjengeleg.

Fellesforslaget vart samrøystes teke til orientering.

Vedtak i Ungdomsrådet 14.04.2026 - saksnr. 015/26

Ungdomsrådet tek Strategiplan for klima og energi 2026-2040 til orientering med innspel slik det går fram av behandlinga.

016/26: Fordeling av ungdomsmidler 2026

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

	Org.namn	Tiltak	Søknads -beløp	Vurdering	Tilråding
1	Mental helse Ungdom Sotra	Auke aktivitetstilbodet for medlemmar i Øygarden	20 000	For eigne medlemmar, men treff ungdom i målgruppa med bredt aktivitetstilbod	20 000
2	Sotra Mållag	Oppstart av ungdomsmålag i Øygarden	5000	Vil skape auka aktivitet for ungdom i Øygarden	5000
3	Sotra Sportsklubb	Treningsrettelrar for baskettrenarane	20 000	Retter seg mot intern drift	0
4	Musikklaget Fjellklang	Ungdomsensemble	20 000	Retter seg mot intern drift	0
5	Sotra Sportsklubb	Sosiale møteplassar for unge håndballdommarar	20 000	For eigne medlemmar, men fokus på inkludering og sosial møteplass	20 000
6	Kolltveit Blå Kors Speidargruppe	Våtkortkurs	20 000	Internt kurs, viser ikkje at dei treff målgruppa	0
7	Sund Sportsklubb	Lokale til natteramn, utstyr	10 000	Retter seg mot intern drift	0
8	Fjell Kystlag	Formidling av kystkultur til ungdom	20 000	Treff mange ungdommar gjennom Tranevågen usk.	14 500
9	Sotra Sportsklubb	Treningsleir i Spania for håndballgutter 16	20 000	Retter seg mot intern drift	0
10	Sotra Sportsklubb	Spelerutvikling håndballtalent	20 000	Retter seg mot intern drift	0
11	Øygarden Sportskyttarlag	Sesongkickoff ungdom, sosiale aktivitetar	13 500	For eigne medlemmar men fokus på inkludering og sosial møteplass	10 000
12	Øygarden Idrettslag	Coachbag til ungdomstrenarar	20 000	Retter seg mot intern drift	0
13	Den Sotra Arabiske kulturelle foreining	Leiar- og aktivitetsprogram for ungdom	30 000	Kan treffe mange ungdommar i målgruppa, sosial møteplass	20 000
14	Sotra Sportsklubb	Trenerutvikling håndball	20 000	Retter seg mot intern drift	0
15	Sotra Sportsklubb	DUPLIKAT	20 000		0
16	Sotra Sportsklubb	Trenar for målvaktar 13-19 handball	20 000	Retter seg mot intern drift	0

17	Tjeldstø grendalag	Ungdomsklubb på grendahuset	20 000	Open møteplass for målgruppa, i eit område med lite tilbod for ungdom	15 000
18	Bergen Vest Svømmeklubb	Sosiale aktivitetar ungdomsgruppe Ågotnes	5 000	For eigne medlemmar, men fokus på inkludering og sosial møteplass	5 000
19	Sotra Motocross- klubb	Trenarutgifter ungdomsgruppe	20 000	Retter seg mot intern drift	0
20	INRI-kyrkja	Refuel weekend ungdomsarrangement	20 000	Sosial møteplass, kan treffe mange i målgruppa	17 500
	SUM		363 500		127 000

Ungdomsrådet 14.04.2026

Behandling i møtet

Før saka vart teken opp til behandling orienterte Hilde Kristin Egeland om bakgrunn for den prioriteringa administrasjonen har gjort i saka.

Ungdomsrådet drøfta saka og slutta seg samrøystes til forslaget frå kommunedirektøren.

Vedtak i Ungdomsrådet 14.04.2026 - saksnr. 016/26

Ungdomsrådet vedtek å tildela ungdomsmidlar for 2025 slik det går fram av opplistinga under:

	Org.namn	Tiltak	Søknads -beløp	Vurdering	Tilråding
1	Mental helse Ungdom Sotra	Auke aktivitetstilbodet for medlemmar i Øygarden	20 000	For eigne medlemmar, men treff ungdom i målgruppa med bredt aktivitetstilbod	20 000
2	Sotra Mållag	Oppstart av ungdomsmålag i Øygarden	5000	Vil skape auka aktivitet for ungdom i Øygarden	5000
3	Sotra Sportsklubb	Treningsrettleiar for baskettrenarane	20 000	Retter seg mot intern drift	0
4	Musikklaget Fjellklang	Ungdomsensemble	20 000	Retter seg mot intern drift	0
5	Sotra Sportsklubb	Sosiale møteplassar for unge håndballdommarar	20 000	For eigne medlemmar, men fokus på inkludering og sosial møteplass	20 000
6	Kolltveit Blå Kors Speidargruppe	Våtkortkurs	20 000	Internt kurs, viser ikkje at dei treff målgruppa	0
7	Sund Sportsklubb	Lokale til natteramn, utstyr	10 000	Retter seg mot intern drift	0
8	Fjell Kystlag	Formidling av kystkultur til ungdom	20 000	Treff mange ungdommar gjennom Tranevågen usk.	14 500
9	Sotra Sportsklubb	Treningsleir i Spania for håndballgutter 16	20 000	Retter seg mot intern drift	0
10	Sotra Sportsklubb	Spelerutvikling håndballtalent	20 000	Retter seg mot intern drift	0
11	Øygarden Sportskyttarlag	Sesongkickoff ungdom, sosiale aktivitetar	13 500	For eigne medlemmar men fokus på inkludering og sosial møteplass	10 000
12	Øygarden Idrettslag	Coachbag til ungdomstrenarar	20 000	Retter seg mot intern drift	0
13	Den Sotra Arabiske kulturelle foreining	Leiar- og aktivitetsprogram for ungdom	30 000	Kan treffe mange ungdommar i målgruppa, sosial møteplass	20 000
14	Sotra Sportsklubb	Trenerutvikling håndball	20 000	Retter seg mot intern drift	0
15	Sotra Sportsklubb	DUPLIKAT	20 000		0
16	Sotra Sportsklubb	Trenar for målvaktar 13-19 handball	20 000	Retter seg mot intern drift	0

17	Tjeldstø grendalag	Ungdomsklubb på grendahuset	20 000	Open møteplass for målgruppa, i eit område med lite tilbod for ungdom	15 000
18	Bergen Vest Svømmeklubb	Sosiale aktivitetar ungdomsgruppe Ågotnes	5 000	For eigne medlemmar, men fokus på inkludering og sosial møteplass	5 000
19	Sotra Motocross- klubb	Trenarutgifter ungdomsgruppe	20 000	Retter seg mot intern drift	0
20	INRI-kyrkja	Refuel weekend ungdomsarrangement	20 000	Sosial møteplass, kan treffe mange i målgruppa	17 500
	SUM		363 500		127 000

017/26: Tilstandsrapport barnevernstenesta 2025

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

Kommunestyret tek tilstandsrapporten for 2025 frå Øygarden barnevernsteneste til orientering.

Ungdomsrådet 14.04.2026

Fellesframlegg Alva Betine Kilvik, UR

Ungdomsrådet tek tilstandsrapporten for 2025 frå Øygarden barnevernsteneste til orientering med innspel slik det går fram av behandlinga til vidare politisk behandling.

Behandling i møtet

Ungdomsrådet drøfta tilstandsrapporten til barnevernstenesta og er uroa over forhold som kjem fram i denne. I samband med dette kjem UR med desse innspela til rapporten og som dei meiner kan betre tilhøva for barn og unge i Øygarden kommune:

- auke tilbodet i skulehelsetenesta då det ofte er der barn og unge går når dei har vanskar
- auke opningstidene på innbyggartorg og bibliotek då barn og unge opplever det som ein trygg og god plass å vere
- er glad for at prosjektet Møteplass av og for ungdom på Straume snart vert realisert og vil peike på at det er behov for tilsvarande møteplassar også sentralt i den søre og nordre delen av kommunen.

- endre opningstidene til helsestasjon for ungdom på Sartor Storsenter til tidspunkta der ungdom er på senteret, som er etter skuletid og utover.
- satse på fleire utekontakter som kan vere på jobb på ettermiddag og kveldstid der ungdom ferdast og inngå samarbeid med frivillige, til dømes Natteravnar.
- arbeide for å styrke kollektivtilbod og andre transporttilbod slik at ungdom kan komme seg trygt til og frå aktivitetar
- gi meir og betre opplæring i barnehagar og skular som set barn og unge i stand til å skilje mellom kva som er vanleg/streng oppdraging og kva som er fysisk og psykisk vald i heimen

Votering

Fellesforslaget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Ungdomsrådet 14.04.2026 - saksnr. 017/26

Tilråding frå ungdomsrådet:

Ungdomsrådet tek tilstandsrapporten for 2025 frå Øygarden barnevernsteneste til orientering med innspel slik det går fram av behandlinga til vidare politisk behandling.

018/26: Forslag til ny forskrift for skulefritidsordninga for Øygarden kommunale skular

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

Kommunestyret vedtek Forskrift for skulefritidsordninga i Øygarden kommune slik dei ligg føre.

Ungdomsrådet 14.04.2026

Behandling i møtet

Votering

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Ungdomsrådet 14.04.2026 - saksnr. 018/26

Ungdomsrådet gir slik tilråding:

Kommunestyret vedtek Forskrift for skulefritidsordninga i Øygarden kommune slik dei ligg føre.

019/26: Handlingsplan (UR) - vidare arbeid i møtet 14.04.26

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

Handlingsplan for ungdomsrådet for perioden 2026 - 2027 vert arbeidd med i 4 - 6 møte kvart år. Planen vert oppdatert og ajourført etter kvart møte. Det skal ikkje gjerast vedtak i denne saka.

Ungdomsrådet 14.04.2026

Behandling i møtet

Ungdomsrådet gav innspel i fleire av sakene som vart behandla i møtet og som omhandlar oppvekstvilkår for barn og unge i Øygarden kommune. Fleire av innspela ønskjer UR arbeide vidare med og desse vert spela inn som tema i handlingsplanen.

Handlingsplanen vert oppdatert med desse tema og skal arbeidast vidare med i neste møte.

Vedtak i Ungdomsrådet 14.04.2026 - saksnr. 019/26

Det vert ikkje gjort vedtak i denne saka.

021/26: Folkehelse- og oppvekstprofilar 2026

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

Kommunestyret tek saka til orientering, og ber kommunedirektøren vektlegga kunnskap om folkehelseutfordringar i arbeidet med budsjett- og økonomiplanen.

Behandling i møtet

Før saka vart teken opp til behandling fekk UR kort orientering om arbeidet med å analysere aktuelle data ved Elin Helland-Jooste.

Ungdomsrådet hadde innspel til korleis ein kunne betre oppvekst og folkehelse for barn og unge:

- utdanning er viktig og særleg det å fullføre vidaregåande skule. For å vite kva utdanningsretning ein skal velja så foreslår UR betre høve til å kunne teste ut ulike retningar med fleire besøksdagar på aktuelle skular, høgare kvalitet på den opplæringa som vert gitt på ungdomsskulen i timane "utdanningsfag".
- styrke arbeidet med å fange opp barn og ungdom som slit med ulike fag og gi dei målretta tilbod
- styrke leseglede og lesekunnskap allereie i barnehagane og forsterke dette inn i skulen med tilbod som sommarles, lære å lese gjennom leik, språk-kommunen med meir
- utvide samarbeidet mellom skulane og biblioteka

Vedtak i Ungdomsrådet 14.04.2026 - saksnr. 021/26

Ungdomsrådet gir slik tilråding:

Kommunestyret tek saka til orientering med innspel slik det går fram av behandlinga, og ber kommunedirektøren vektlegga kunnskap om folkehelseutfordringar i arbeidet med budsjett- og økonomiplanen.

020/26: Spørsmål

Forslag til vedtak

Spørsmål med svar og innspel i saka vert teke til orientering.

Behandling i møtet

Eventuelle spørsmål og svar vart presentert i møtet.

Vedtak i Ungdomsrådet 14.04.2026 - saksnr. 020/26

Det var ikkje spørsmål til dette møtet.